



## Kontaktutvalet for Reinheimen

## Møteinnkalling

Utvalg: **Kontaktutvalet for Reinheimen**  
Møtested: Grand Hotell Bellevue, Åndalsnes  
Dato: 13.09.2010  
Tid: 17:30

Forfall meldes til utvalgssekretær som sørger for innkalling av varamedlemmer.  
Varamedlemmer møter kun ved spesiell innkalling.

**Saksliste**

Saksnr	Innhold	Lukket
PS 11/10	Orienteringssaker	
PS 12/10	Søknad om tilskot til informasjonssperm for Reinheimen - Norsk Fjellmuseum - Jotunheimen og Reinheimen nasjonalparksenter	





## Kontaktutvalet for Reinheimen

Arkivsak: 2010/767 -1

Arkiv: K12

Saksbehandler:

Trond Stensby

Dato: 30.08.2010

### Saksutredning

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
11/10	Kontaktutvalet for Reinheimen	13.09.2010

## Orienteringssaker

### Bakgrunn:

#### 1. Grensemerking

##### Vestoppland og Sør-Gudbrandsdal Jordskifterett

Her er eit lite resymé frå 1. rettsmøte v. Jordskifteretten i Sør-Gudbrandsdal, som har saka (av habilitetsomsyn) som gjeld merking av vernegrensene for Reinheimen på Lesja, og ein liten del av Vågå.

Rettsmøte vart halde 17.08.10, og det var ca 15 frammøte partar.

Gjennomgangen av grenseforløpet gjekk greitt. Som tidlegare avtalt blir ein del private skogteigar teke ut av verneområdet. Elles vart det gjort nokre ubetydelege justeringar av omsyn til arrondering og behov for å få eintydige grenser.

Jordskifteretten legg elles opp til at grensene blir merka i tida 15. juni - 20. august 2011. Dette under føresetnad av at grunneigarane ikkje motsett seg bruk av helikopter (jf § 10 i motorferdsellova), viss ikkje kan merkinga ta fleire år.

### Kostnader.

Jordskifteretten har overslagsvis rekna kostnadene til kr 2000,- / punkt. Det er ca 300 punkt, så total ramme ligg (førebels) rundt kr. 600.000,-. Merkinga vil bli dyrare viss ein ikkje kan bruke helikopter. Direktoratet for naturforvaltning dekkjer kostnadene. Sør-Gudbrandsdal jordskifterett vil sende ut rettsbok frå møtet.

##### Nord-Gudbrandsdal Jordskifterett

Nasjonalparkforvaltaren har 17:08.10 hatt ei telefonsamtale med jordskiftedommar Jakup Skjedsvoll i Nord-Gudbrandsdal Jordskifterett som seier at det pga det store talet på partar har teke lang tid å få varsla og få attendemelding frå alle. Han ser no for seg at det kanskje kan bli halde rettsmøte (oppstart) i oktober.

#### 2. Informasjonstavler

Det er i sommar komme opp nye informasjonstavler ved Aursjoen i Skjåk, Lia i Lom, Nordherad, Finndalen og Skårvangsætrin i Vågå, på Tunga, ved Sjugurdgarden i Brøstdalen og i Isterdalen i Rauma. Frå før er det sett opp tavler ved Zakarias-dammen og i Valldal i Norddal,

og ved Horgheimseidet i Rauma. Etter dette manglar det skilt ved Fauttjønn og i Lordalen i Lesja, og supplerande skilting Rauma og Norddal.

### **3. Finndalsprosjektet**

Styringsgruppa har hatt 3 møte, og skal ha nytt møte 13. oktober. Styringsgruppa har m.a. arbeid med visningsæter Øvre Hove sæter, ferdigstilling av flytting av Sterringsbrue, naturstig til Klympen, naturstig på Vangen, informasjon om og rydding av kulturminne, informasjon om sæterstulane, utvikling av enkeltsætrar og tilrettelegging for sjølvhogst av ved.

### **4. Feltdag med NINA – registrering av kulturminne etter fangstkulturen**

9. august arrangerte KUR i samarbeid med NINA ein feltdag i Finndalen med opplæring i registreringsmetodikk for oppsyn, forvaltning og spesielt interesserte. I alt nærare 20 personar deltok.

### **5. Nasjonalparksenter – samarbeidsmodellen**

Lesja bygdemuseum har søkt, og fått godkjent status som samarbeidspart med Reinheimen nasjonalpark, og vil arbeide vidare med utvikling av samarbeidsprosjektet.

### **6. DN si årlege vernekonferanse avvikla i Trysil 24. – 26.8**

DN avvikla 24. – 26.8 den årlege vernekonferansen for fylkesmenn og lokale forvaltningsordningar med vekt på

- Status i vernearbeidet
- Evaluering av vernet, særleg representativitet ift. naturtypar m.m.
- Naturmangfaldlova
- Bevaringsmål og overvaking
- Målstyrt forvaltning.
- Utfærd til Gutulia nasjonalpark og Kvisleflå naturreservat i Engerdal.

Med innføring av ny forvaltningsmodell vil konferansen venteleg få ei ny form i framtida.

### **7. Valåe – søknad om minikraftverk i Lesja**

Småkraft har søkt om godkjenning av bygging av småkraftverk i Valåe i Lesja. Nasjonalparkforvaltaren deltok på synfaring med Småkraft og Lesja kommune, for å påvise nasjonalparkgrensa / knekkpunkt. (Merk: Endeleg fastsett grense blir målt inn og merka av Jordskifteverket). Representant for Småkraft opplyste på synfaringa at dei vil halde tiltaket utanfor nasjonalparken.

### **8. Regional plan for Ottadalen villreinområde - planprogram**

Nasjonalparkforvaltaren har vore sekretær for arbeidet med planprogram for Regional plan for Ottadalen villreinområde. Kostnadene er refundert frå Oppland fylkeskommune med kr 110.000,-.

### **9. Ny forvaltningsmodell**

Proessen med innføring av ny forvaltningsmodell går vidare. Ordførarane i Reinheimen skal i møte med statssekretær Heidi Sørensen den 10.09.10. Status for prosessen vil bli gjeve i KUR-møtet.

### **10. Økonomi**

KUR har motteke kr. 1,5 mill til forvaltning i 2010. Ein førebels rekneskapsrapport blir lagt fram i KUR-møtet.

### **Vurdering:**

Punkt 1 - 10 blir lagt fram til orientering.

## **Nasjonalparkforvaltaren si innstilling**

Kontaktutvalet for Reinheimen tek punkt 1 - 10 til orientering.

Trond Stensby



## Kontaktutvalet for Reinheimen

Arkivsak: 2010/765 -3

Arkiv: K12

Saksbehandler:

Trond Stensby

Dato: 30.08.2010

### Saksutredning

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
12/10	Kontaktutvalet for Reinheimen	13.09.2010

## Søknad om tilskot til informasjonsperm for Reinheimen - Norsk Fjellmuseum - Jotunheimen og Reinheimen nasjonalparksenter

### Bakgrunn:

Kontaktutvalet for Reinheimen har i brev frå Norsk Fjellmuseum – Jotunheimen og Reinheimen nasjonalparksenter, dagsett 27.08.10, motteke følgjande søknad:

”Norsk Fjellmuseum – Jotunheimen og Reinheimen nasjonalparksenter søker om tilskot til:

- å utvikle ny informasjonspermen for Reinheimen nasjonalpark

Prosjektet er kostnadsrekna til kr. 140.000, og vi søker KUR om å støtte prosjektet med kr. 5.000. Viser til budsjett og finansieringsplan under.

Informasjonspermen er retta mot reiselivs- og servicebedrifter, dei som i sitt arbeid er i direkte kontakt med turistar, lokalbefolkning og gjestar i bygdene og i nasjonalparkane våre. Informasjonspermen er eit viktig tiltak som betrar informasjon, og ikkje minst samarbeidet mellom nasjonalparkforvaltninga og reiselivet. Alle informasjonsaktørar knytt til verneområda får høve til å bidra med sin kompetanse i arbeidet. Norsk Fjellmuseum – Jotunheimen og Reinheimen nasjonalparksenter vil bidra til dette ved å vidareutvikle nasjonalparksenteret sin rolle som kompetansesenter for reiselivet i området.

**Mål med å utarbeide informasjonsperm** (kva vi ønskjer å oppnå):

1. Betre og vidareutvikle informasjon om nasjonalparkane, naturmangfald og verdiar knytt til vern.
2. Inspirere til naturopplevingar og berike opphaldet i området med kunnskap.
3. Vidareutvikle samarbeidet mellom nasjonalparkforvaltninga, nasjonalparksenteret og reiselivsbedriftene, og andre aktuelle informasjonsaktørar knytt til verneområdet.

**Resultatmål** (produktet vi skal levere):

1. Utarbeide ny informasjonsperm med grunnleggjande informasjon om Reinheimen og tilknytte landskapsvernområde.
2. Distribuere permene til eit utval av reiselivsbedrifter, hyttar, turistinformasjon, DNT og andre aktørar kring verneområdet Jotunheimen.
3. Arrangere temasamlingar, vertskapskurs, studieturar etter ønskje og behov.

### Tidsplan

Hausten 2010 – sommar 2011

### Prosjektorganisering

Prosjekteigar: Norsk Fjellmuseum – Jotunheimen og Reinheimen nasjonalparksenter

Prosjektansvarleg: Mai Bakken

Prosjektleder: Kristine Sørli

Prosjektdeltakarar og aktuelle bidragsytarar: Nasjonalparkforvaltninga for Jotunheimen og Reinheimen, kommunane, SNO, Fjellstyra, aktuelle grunneigarar, reiselivsnæring, tilknytte lokale prosjekt.

**Budsjett :**

Bildemateriell	Diverse fotografer	10.000
Design, layout, trykk ca 80 permar á 36 ark	Konsulent på web designe	45.000
Arbeid utarbeiding av innhald, kurs og oppfølging, kvalitetssikring og distribusjon	Norsk Fjellmuseum og forvaltninga	45.000
Kursing av reiselivet, møter og reiser	Norsk Fjellmuseum og andre aktørar	20.000
Översetting til tysk og engelsk, nederlandsk	Kjøp av teneste frå översetter	15.000
Uføresett kostnad		5.000
<b>Total kostnad prosjekt</b>		<b>140.000</b>

**Finansieringsplan:**

Informasjonsmidlar - DN	50.000 (løyvd vår 2010)
Fylkesmannen, Oppland, Møre og Romsdal.	20.000
Fjellstyra	15.000
Lom kommune	5.000
Skjåk allmenning	5.000
DNT-ÅST	5.000
KUR	5.000
Eigeninnsats	35.000
<b>SUM</b>	<b>140.000</b>

**Utfyllande opplysningar om prosjektet:**

Norsk Fjellmuseum utførte i 2005 og 2006 delprosjektet "Utvikling av nasjonalparksenteret som kompetansesenter. Informasjonstiltak – utprøving – evaluering", under Direktoratet for naturforvaltning sitt pilotprosjekt "Nasjonalparksentrene som kunnskaps-/ressurssenter over for reiseliv og lokal miljøtilpasset næringsutvikling".

Eit av tiltaka gjekk ut på å utvikle ein informasjonsperm om Jotunheimen for reiselivsbedrifter i området. Informasjonstiltaket besto av tre delar:

1. Utarbeide ein informasjonsperm med grunnleggjande informasjon om Jotunheimen NP og Utladalen LVO og distribuere denne til eit utval av reiselivsbedrifter i området.
2. Halde dagskurs/informasjonsmøte for tilsette i reiselivet med Jotunheimen NP og Utladalen LVO som tema.
3. Evaluere tiltaka etter sommarsesongen 2005.

42 informasjonspermar saman med plakatar til oppslag, vart distribuert ut til 35 reiselivsbedrifter og 6 turistinformasjonar knytt til Jotunheimen. Dei aller fleste av dei største og viktigaste reiselivsbedriftene rundt Jotunheimen og Utladalen var med i utprøvinga av informasjonspermen. Gjennom evalueringa av prosjektet kom det fram fleire innspel for å gjera informasjonspermen betre. Innspela gjekk blant anna på å høgde kvaliteten på permen med kart, bilete, materiale, designe og layout. I tillegg var det innspel på innhaldet og plass til nye tema. Det bør vidare utviklast eit system for å følgje opp reiselivsbedriftene på ein betre måte enn det delprosjektet hadde kapasitet til. Eit slikt system skal omfatte kurs, temadagar og studieturar for aktuelle bedrifter i området.

Frå 2009 vart Norsk Fjellmuseum nasjonalparksenter for Reinheimen nasjonalpark. Med dette følgjer ansvar for informasjon og formidling av Reinheimen. Med bakgrunn i erfaringane frå Jotunheimen ønskjer vi å utarbeide ein ny informasjonsperm for Reinheimen nasjonalpark og landskapsvernområda. Reinheimen er ein av dei største nasjonalparkane i Sør-Noreg, og omfattar 6 kommunar. Av omsyn til den sårbare villreinstammen er behovet for god informasjon svært viktig på strategiske plassar for å styre trafikken i området. Dette gjer informasjonsansvaret krevjande, og vi ønskjer å lukkast med å nå våre målgrupper på ein best mogeleg måte.

I samband med arbeidet med besøksstrategien for Jotunheimen er ei rekkje norske undersøkingar om bruk av ulike informasjonskanalar blant turistar gjennomgått. Undersøkinga viser at besøkjande bruker mange ulike informasjonskjelder, noko som gjer informasjonsarbeidet komplisert. Det viser seg at trass for stor merksemd om digital informasjonsteknologi, brukar mange framleis meir tradisjonelle informasjonskjelder som reisehandbøker og turistbrosjyrar. Internett er blitt ei viktig informasjonskjelde, men synes å være eit kompletterande tilbod, ikkje ei erstatning for andre informasjonskjelder. Med bakgrunn i desse undersøkingane meiner Norsk Fjellmuseum at det vil vera rett å vidareutvikle informasjonspermen for Jotunheimen og utarbeide ein ny perm for Reinheimen. Arbeidet med informasjonsperm for Jotunheimen og Reinheimen vil derfor gå parallelt, noko som gjer at vi kan spare inn på kostnader til bl.a designe og trykking.

Informasjonspermen vil etter vår vurdering vera svært nyttig for turistar og tilsette på turisthytter i fjellet, og på overnattings- og servicebedrifter i bygdene kring nasjonalparkane. For reiselivsbedrifter og turistinformasjon med nettilgang har permen fyrst og fremst ein kompletterande nytteverdi. På turisthyttene og overnattingsbedrifter er det derimot ein situasjon, særleg på kveldstid, der dei besøkjande har tid til å sette seg inn i meir kompliserte og omfattande informasjon. I ein slik situasjon ligg forholda godt til rette for å formidle verneverdiar, ferdselsreglar og naturkunnskap. Permen vil på den måten vera eit nyttig supplement til eksisterande informasjon som ein finn på nettet, både for bedriftene og gjesten.

Håpar KUR finn tiltaket interessant, og vil støtte vårt arbeid med å vidareutvikle informasjonstiltaket og samarbeidet for verneområda. For spørsmål og meir utfyllande opplysningar, ta gjerne kontakt med underteikna.”

### **Vurdering:**

Tiltaket er ein del av Informasjonsplan for Reinheimen, kap. 7.1:

5.7	Informasjonsperm for Reinheimen	Utarbeide ein informasjonsperm med grunnleggjande informasjon om Reinheimen og landskapsvernområda i samarbeid med forvaltninga, SNO, fjellstyra og reiselivet. Distribuere permen til eit utval av reiselivsbedrifter, hyttar, turistinformasjon, DNT og andre aktørar kring Reinheimen. Følgje opp aktørane i samarbeid med forvaltninga med t.d informasjon, temasamlingar og kurs.	RNS	Under planlegging
-----	---------------------------------	--	-----	-------------------

Nasjonalparkforvaltaren vil derfor innstille på å løyve kr. 5000,- til tiltaket. Midlane blir teke frå fond.

**Nasjonalparkforvaltaren si innstilling:**

Kontaktutvalet for Reinheimen løyver kr. 5000,- til tiltaket. Midlane blir teke frå fond.

Trond Stensby